



NST Agenturer (Nilsen Serviceteam)  
Lervikvegen 75  
5936 MANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/2664 - 17/30567

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
24.10.2017

## Utsleppsløyve for fritidsbustad - gbnr 92/19 Træland

Tiltak:  
Byggestad: Gbnr: 92/19  
Tiltakshavar: Preben Lampe  
Ansvarleg søkjar: NST Agenturer (Nilsen Serviceteam)

### SAKSUTGREIING

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om nytt utsleppsløyve for fritidsbustad på gbnr 92/19 Træland. I søknaden er det opplyst at utsleppet frå eigedommen skal reinsast i biologisk/kjemisk minireinseanlegg av typen August før utsleppet skal førast vidare til terreng på eigen eigedom, eventuelt med etterpolering.

Det skal installerast vassklosett. Storleiken til utsleppet er opplyst til 6 pe.

Det vert elles vist til søknad mottatt 30.08.2017 supplert 21.09.2017 og 25.09.2017.

#### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplan Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden er definert som LNF-føremål. I samsvar med punkt 4.18 i føresegnene til planen kjem eigedomen inn under bygde fritidseigedomar som har status som LNF-spreidd, jf vedlegg B. Etablering av avlaupsanlegg på eigedomen vil såleis vera i samsvar med planen og ikkje krevja dispensasjon. Ein har då lagt til grunn av eventuelle delar av anlegget som vil liggja utanfor eigedomen i sin heilskap vil vera nedgravde, medføra små terrenginngrep og i lita grad gje synlege spor, jf skriv frå Kommunal og moderniseringsdepartementet datert 10.06.2015.

#### Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med forureiningsforskrifta § 12-4 nr. 2.  
Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

#### Passering



Plassering og utsleppsstad er vist i kart datert 22.09.2017.

### **Reinseløysing**

Utsleppet skal reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen August. Anlegget er godkjend etter NS-EN 12566-3. Anlegget stettar reinsekrava for utsleppsstad i følsamt og normalt område med brukarinteresser , jf. forureiningsforskrifta § 12-8.

### **Drift og vedlikehald**

Det er eit vilkår for utsleppsløyvet at anleggseigar inngår serviceavtale om drift og vedlikehald av anlegget, jf. forureiningsforskriften § 12-13 2.ledd.

Det er lagt ved serviceavtale for drift og vedlikehald av anlegget i søknaden.

### **Privatrettslege tilhøve**

Det ligg føre skriftleg avtale datert 22.09.2017 med eigar av gbnr 92/1 til å føra avløpsvatn frå gbnr 92/19 inn på eigedomen.

Avtalar om plassering av anlegg og leidningar på privat eigedom og rett til bruk av privat avlaupsleidning bør tinglysast på eigedomane.

### **VURDERING**

Det er ikkje offentleg kloakkanlegg i området.

Søknaden om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast når det vert sett krav til reinsing av utsleppet i biologisk/kjemisk reinseanlegg med etterpolering og avløpet så vert ført til bekk med heilårs vassføring, vassdrag eller jordbruksgrøft.

Utsleppsstad som skildra i søknaden med steinsatt grøft med utløp i myr vert vurdert til ikkje å vera tilfredsstillande.

### **Godkjenning etter andre lovverk**

Etablering av avlaupsanlegget krev løyve etter plan- og bygningslova kap 20. Søknad mottatt 30.08.2017 vert handsama når det er dokumentert at vilkåra i utsleppsløyvet er stetta.

Endeleg plassering av anlegget vil verta tatt stilling til ved handsaminga av søknaden om løyve til tiltak.

### **VEDTAK**

**Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for fritidsbustad på gbnr 92/19 på følgjande vilkår:**

1. Utsleppet frå eigedomen skal reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen August med etterpolering før utsleppet vert ført til bekk med heilårs vassføring, vassdrag eller jordbruksgrøft.
2. Utsleppet frå eigedomen vert gitt for 6 pe.
3. Det skal liggja føre gyldig serviceavtale om drift og vedlikehald av anlegget til ein kvar tid.
4. Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstillast krav i Forskrift om begrensing av forurensing, §§ 12-7 til 12-13.

5. Eigedomen skal knytast til offentlig godkjend avlaupsledning eller anna fellesledning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.
6. Anlegget kan ikkje etablerast før det ligg føre løyve etter plan- og bygningslova.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Enkeltvedtak truffet i medhold av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. forureiningsloven § 85 annet ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak truffet av kommunestyret er fylkesmannen klageinstans.

Enkeltvedtak truffet i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Fylkesmannen, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Ansvar**

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

### **Bortfall av løyve**

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk, jf. forureiningsforskrifta § 12-5 4.ledd og § 13-5 4.ledd. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

### **Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet**

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 og § 13-17.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Preben Lampe

Nils Langhelles vei 45 5148

FYLLINGSDALEN

**Mottakarar:**

NST Agenturer (Nilsen Serviceteam) Lervikvegen 75 5936

MANGER